

Maren Sofie Strømme. 62 år og bur i Bergen

Ho har malt i meir enn 35 år, og har lang og allsidig kunstutdanning. Det har blitt mange utstillingar i Noreg, men også gjesteutstilling i Art67 Galleri i Reykjavik i juni i år.

Maren Sofie er glad i vågale og fargerike kontrastar. Ho brukar akrylmaling og arbeider med ulike malarmedium, og er særleg oppteken av tekstur, struktur og djubde, men og jordfargar, gjerne med abstrakt uttrykk. Maren Sofie hentar mykje inspirasjon frå det barske og rå kystlandskapet på Vestlandskysten i Norge, men og frå Island, med alle sine fantastiske kontrastar i landskapet, og det urbane og kontrastrike Reykjavik. Maren har halde mange kurs i malarfaget, og har vore i utlandet og henta inspirasjon i land som:

Island, Færøyane North atlantic sheep and wool conference 2016, Hellas, Egypt, Gambia, Tunis, Istanbul, Tyrkia

Kjersti Nydal f 1961 født og vakse opp i Florø

Kjersti hadde mykje fridom til å boltra seg rundt i vill natur som barn. Det har prega livet hennar og gjeve ein stor forventning til fridom vidare gjennom livet, som ho har lukkast med å leva opp til. Ho flytta heimefrå som 16-åring.

Kjersti har fått sterke impulsar frå inn og utland og har budd mange år i Nederland, men no bur ho med familien på Areknappen.

Syden og tropane gav inspirasjon til sterke friske fargar. Ho malar helst med svart tusj og malarkost.

Det er naturen, mennesket, universet og mysterie i livet, som gjev inspirasjon til fantasien og bildene hennar, seier Kjersti. Eg er sjølvlærd kunstnar. Ein livsstil som har etablert seg gjennom livet eg har levd.

Kjersti hatt mange utstillingar i inn og utland. Og ho har vore med på mange utstillingar her i Øygarden.

«Jeg er dypt nysgjerrig på livets mysterier og undrar meg stadig over menneskeheten, vårt forhold til hverandre, jorden og resten av universet».

Linda Lid, 62 år og vakse opp i Eikangervåg i Alver kommune

No bur ho her i Øygarden på Søre Bildøy i dette huset, er biletkunstnar og driv Galleri Bildøy.

Linda er i hovudsak sjølvlært som kunstnar, og har alltid likt å lage ting frå ulike materialar. På slutten av åttitalet vakna interessa for akvarellmåling, og saman med to andre damer så stilte dei ut i eit rom på garden der Linda vaks opp. Eg mala både landskap og døttrene mine, det var mest figurative bilder eg laga i den tida. Eg var med å starte opp Nordhordland Kunstlag, sat i styret og var leiar.

I dei seinare åra så har eg hatt behov for vidare-utvikling som kunstnar, og er i ferd med ein toårig biletkunstutanning på Nydalen kunstskole i Oslo. Eg går og på Bryggen kunstskole i Bergen.

Linda har stilt ut på ein del utstillingar hjå Nordhordland Kunstlag, Galleri Gamleskulen og i år på Galleri Minneparken i Oslo.

Linda malar og teiknar i ulike teknikkar som, akvarell, akryl, olje, pastellkritt. I kunsten så har eg eit vidt spekter av uttrykk. Som kunstnar vekslar ho mellom det tradisjonelle, figurative i landskap og portrett, og det å uttrykka seg fritt og non-figurativt med intuitive og ekspressive motiv.

Ho lar livet inspirera til å male portrett av menneske, familie, kjærleik og dynamikken mellom dei. Men og portrett av naturen i denne tida med mykje øydelegging og bekymring for klima og miljø, kan ein laga naturens ansikt og portrett, og kva uttrykk ville naturen ha?